

# Frå årsmøtet i L/L Svultingen.

*Prisen på krafta vert auka, og møtet gjer vedtak om ny lånesum.*

**Svultingen har under byggjing lina Skilbreid—Førde og Espeland —Risnes—Domben i Solund.**

Laurdag den 24. april vart det halde årsmøte i L/L Svultingen i Dale.

Det er no i alt 13 kraftlag som er med i denne samskipnaden: Ytre Fjordane Kraftlag, L/L Holmedal kraftlag, Dale sokn elektrisitetssverk, L/L Lavik kraftlag, L/L Hyllestad kraftlag, L/L Gaular kraftlag, L/L Sørsida kraftlag, L/L Gjolanger og Hellevik kraftlag, L/L Solund kraftlag, L/L Fure og Våge kraftlag, L/L Vadheim kraftlag, L/L Naustdal elektrisitetssverk og Førde komm. Elektrisitetssverk.

Møtet vart styrt av fylkesmann Schei, og det var framført utsendingar frå alle dei tilslutta kraftlag.

## Årsmelding for 1947.

Årsmelding og rekneskapen synte at driftsresultatet for dette

året var mindre bra. Sjelve drift hadde gjeve eit overskot på kr. 12 920,—, men når dei kontraktbundne avdrag på 25 342 kr. var betalte synte rekneskapen eit underskot på kr. 12 422,—. Dette måtte då takast av midlar som ikkje var opptente dette året. — Driftskonto hadde steige med kr. 16 371 sidan året før, men inntektene hadde gått ned med kr. 661,—. Auken i utlogone fordelte seg soleis: Skynskostnader og einongsutbetalingar på grunnrettar 3886 kr., stiging i skattar og avgifter 5756 kr. òg auka utlogor til administrasjon, løner og vedlikehald med i alt 6729 kr. Nedgangen i inntekone skriv seg ifrå at Ytre Fjordane kraftlag ikkje har fått kraft til overforbrugspris, medan dei nye lagi som er komne til har fått kraft til sers låge pris.  
(Framh. på siste sida)

# Frå årsmøtet i L/L Svultingen.

(Framh. frå 1. sida)

sar. Den uvanleg låge nedburds-  
mengdi har gjort sitt i dette hø-  
vet.

## Nytt linebygg.

Linebygget Dale—Gaular grense  
er ferdig og kom i drift i juni  
1947. Dette linebygget kosta kr.  
166 789,—, ei overskriding på kr.  
31 789,—.

Som nye avtakarar av kraft er  
i 1947 tilkomne L/L Gjelanger  
kraftlag, L/L Gaular kraftlag og  
resten av L/L Sørsida kraftlag sitt  
forsyningsområde og den delen  
av Dale sokn som har transforma-  
torar på lina Dale—Gaular gren-  
se. — Svultingen har no under  
byggjing lina Sklibreid—Førde,  
og Espeland—Rsnæs—Domben i  
Solund.

## Kraftproduksjonen

har etter driftsingeniøren si mel-  
ding vore 19 814 850 kw.tjmar i  
året. Det er ein femtepart mindre  
enn den normalytning som ein  
hadde rekna med at kraftstasjo-  
nen skulde greia.

## Ny lutmedel.

Lutmedelen er utvida med i  
alt kr. 115 500,— med di at So-  
lund kraftlag, Fure og Våge kraft-  
lag, Naustdal elektrisitettsverk,  
Førde og Vadheim kraftlag er  
komne til: Solund med 35 000 kr.,  
Førde med 35 000, Naustdal med  
25 000, Vadheim med 15 000 og  
Fure og Våge kraftlag med 5 500  
kr. Denne lutmedelen er fullt  
innbetalt.

Årsmelding seier til slutt at  
laget ikkje lenger kan greia seg  
med dei låge kraftprisane som  
det til denne tid har halde, og at  
det er naudsynleg at prisane vert  
auka. — Årsmelding vart sam-  
røystes vedteki.

## Rekneskapen.

Av rekneskapen skal me nemna  
at administrasjonen kosta 10 838  
kr., teknisk driftspersonale 2 569,  
driftj av kraftanlegget 8 839,  
driftj av leiingsnett 834, vedli-  
kehald av kraftanlegg og leiings-  
nett 3 099, leige av regulerings-  
og grunnfettar 9 342, skattar og  
avgifter 14 091, renter og avdrag  
49 609 kr.

Sal av kraft har gjeve desse  
Innkomone:

Ytre Fjordane kraftlag	59 400
Holmedal kraftlag	9 429
Dale sokn elektrisitettsverk	7 206
Lavik kraftlag	4 720
Hyllestad kraftlag	2 416
Sørsida kraftlag	1 253
Gjelanger Hellevik kraftlag	228
Gaular kraftlag	1 218

Rekneskapen vart samrøystes  
godkjend.

## Fråsegn frå tilsynsnemndi.

Det vart lese fråsegn frå til-  
synsnemndi. — Desse fråsegnene  
gjekk ut på at driftj var styrd og  
leidd på forsvarleg og god måte.  
Vedlikehaldet var godt, trygding  
av maskinene var sette opp i hø-  
veleg høgd, vedtak i styre og års-  
møte var fylgde, men sjølv øko-  
nomien var ikkje god sidan over-

skotet ikkje var stort nok til dei  
kontraktbundne avdragj. Difor må  
kraftprisen opp.

## Auking i kraftprisen.

Styret gjorde framlegg om at  
kraftprisen måtte verta auka med  
5 kr. pr. kw pr. år. Denne aukingj  
hadde prisdirektoralet og Vass-  
dragstellet godkjent. Den høgre  
prisen skulde gjelda frå 1. januar  
1948.

Om denne sakj vart det noko  
ordskifte. Alle var samde om at  
det var naudsynt å gå til høgare  
pris på krafti, det var heller i  
seinste laget no, det skulde vore  
gjort før so ein hadde sloppe un-  
derskot i siste året. Det spursmål-  
let vart reist om eit vedtak so  
seint i året kunde gjevast atter-  
verkande kraft til nyår 1948. Fyl-  
kesmannen gjorde dette framleg-  
get: For driftsåret 1948 vedtek  
årsmøtet ein prisauke som gjev  
den inntektsauken som gjev seg  
av styret sitt framlegg. Prisauken  
gjeld so lenge. Framlegget vart  
vedteke mot 1 røyst (Ytre Fjord-  
ane sin representant).

## Høgre lånesum.

Med tilføre av at Svultingen  
no byggjer nye kraftlinor frå  
Sklibreid til Sunde i Førde, frå  
Espeland til Domben i Solund, låg  
det føre ei utgreiing frå overing.  
Hysing om å ta opp eit lån på kr.  
300 000 til byggjing av desse lin-  
one. Styret hadde i denne saman-  
heng samrøystes vedteke å tilrå-  
da årsmøtet å gjera vedtak om  
at den lånesummen som vart  
vedteken på årsmøtet i fjor vert  
auka med 100 000 kr. til 300 000  
kr. Det vart samrøystes vedteke.

## Minking av talet på styremedlemmer.

Styret for Svultingen er no på  
14 mann og er soleis nokso mang-  
ment. Styreformannen hadde di-  
for gjort framlegg om at talet på  
styremedlemmer skulde setjast ned  
til 6, og overing. Hysing hadde  
sagt seg samd med dette. Styret,  
som hadde møte før årsmøtet  
vart sett, hadde hatt dette fram-  
legget føre, men hadde med 7  
mot 6 røyster tilrådt å velje ei  
nemnd som skulde koma med ei  
utgreiing om dette spursmålet til  
neste årsmøte. Styreflertallet sitt  
framlegg vart vedteke og til  
nemnd vart vald: fylkesmannen,  
Gjert Raae, G. Bruvoll og J. Sig-  
Hauge.

## Val.

Til formann i styret for 1948  
vart Gjert Raae attvald samrøys-  
stes, og til nestform. Lars Njøs-  
sen, likeeins samrøystes.

Til revisorar vart valde Olav  
Risting og Arnt Skarstein med  
M. P. Torvund som varamann.

Til tilsynsnemnd for 1948 vart  
valde M. Raaheim og O. S. Ring-  
stad med Aksel Hovland til va-  
ramann. M. Skarstein som har  
vore med i denne nemndi før, bad  
seg friteken.

## Andre vedtak.

Det vart vedteke å byggja  
kraftline til grændene Nordstrand  
og Gudmundsos i Lavik og at sty-  
ret skal søkja om byggjeløyve til  
byggjing av ny bustad til maski-  
nisten ved kraftstasjonen.

Fylkesmannen takka sty-  
ret for godt arbeid i året som  
gjekk, og ynskte at vedtakj som  
no var gjorde måtte verta til  
gagn for laget og for bygdene  
som er med i laget.